

NOTAT

Til: Landsstyret

Fra: Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad

Dato: 17.08.2020

Gjennomføring av NJs landsmøte 2021

Grunna koronasituasjonen må landsstyret ta stilling til om landsmøtet kan gjennomføres i mars 2021 på tradisjonelt vis, heildigitalt vis, deldigitalt vis eller utsette det til eit anna tidspunkt i 2021.

NJs landsmøte skal vere ein demokratisk verkstad for organisasjon, der delegatar frå heile landet skal møtast og forme retninga NJ skal ta organisatorisk og politisk dei neste to åra. Eit av måla med landsmøtet er også at landsmøtet skal inspirere tillitsvalte til vidare arbeid, og at det skal knyte organisasjonen tettare saman. Dette er visjonar også for dette landsmøtet, men også dette er noko som vil bli prega av koronasituasjonen.

Dette dokumentet greier ut for korleis organisasjonen kan gjennomføre sjølve landsmøtet, men tar ikkje stilling til den politiske prosessen i forkant av landsmøtet. Det er sannsynleg at ein vil måtte gjennomføre denne digitalt eller deldigitalt, men dette kan vere avhengig av modellen ein går for, og blir ikkje behandla i dette dokumentet. Når det kjem til prosessen rundt førebuingar til landsmøtet, ta ei vurdering på korleis ein skal gjere dette på ein god måte.

Landsstyret har vedtatt at NJ skal ha landsmøtet sitt 16.-18. mars 2021 på Quality Hotel Expo. Dette er ein kontrakt vi kan seie opp i sin heilskap tre månadar før utan vidare økonomiske konsekvensar. Dersom ein skal annonsere ny stad for landsmøtet må dette skje seks månadar før, også dersom ein vil endre stad frå fysisk stad til internettet. Dersom ein derimot vil annonsere ei utsetjing av landsmøtet, må dette skje seks månadar før det utsette landsmøtet vil finne stad. Med andre ord kan ein annonsere at eit landsmøte blir utsett til juli i desember, sjølv om det tidlegare er annonsert at det skal vere i mars.

Det står ingenting i vedtektene om fristar for å endre form på landsmøtet, så lenge ein oppfyller krava til landsmøte. Det er likevel å tilråde at ein annonserer ei endring av forma på landsmøtet i god tid, slik at organisasjonen får høve til å omstille seg tilstrekkelig. I tillegg skal sekretariatet gjennomføre ei medlemsteljing seks månadar før landsmøtet som dannar grunnlaget for utrekninga av delegatar. Dersom ein flyttar landsmøtet, må ein også flytte denne medlemsteljinga. Lokallaga og konsernlaga skal også ha sine årsmøte innan tre månadar før landsmøtet.

Det digitale landsmøtesystemet som vart nytta i 2019, MyMeet, kan også nyttast i 2021, uansett nivået av digitalisering av landsmøtet. MyMeet har per i dag ikkje ein integrasjon med møteelement som Teams, Zoom etc, og må derfor fungere

Førebuingane til landsmøtet må uansett skje digitalt i større grad enn før, og ein må ta ein diskusjon om ein skal ha fysiske regionale samlingar som eit separat tema. Ei skulering fram mot landsmøtet kan like gjerne skje digitalt som fysisk, og dette vil ein måtte tilpasse til kva landsmøte ein vel å halde.

NJ har 75-årsjubileum i 2021. Det er viktig å merke seg at ein eventuell markering av NJs jubileum truleg må flyttast ut av landsmøtet uansett, då det endringar i maksgrensa på eit arrangement kan skje, og det .

Under finn de fem scenario for korleis NJ kan gjennomføre landsmøtet.

Scenario 1: Gjennomføring av tradisjonelt landsmøte i mars

Dersom ein skal gjennomføre landsmøte på same måten som før, er det naudsynt å gjere visse tilpassingar. Mellom anna vil ein måtte tilpasse ein del ting i salen til koronareglement, og det er derfor sannsynleg at ein også vil måtte tilpasse programmet rundt debattane. I tillegg vil ein måtte auke budsjettet for å ta høgd for auke i reiseutgifter då flybillettar er blitt dyrare. Landsmøtet vil uansett bli dyrare og annleis. I tillegg vil vi med eit reint fysisk landsmøte ekskludere dei delane av tillitsvaltapparatet som er i risikosona for korona eller har desse i nær familie.

Det vil sjølvsagt vere enklare å få den gode debatten på eit fysisk landsmøte, men det er uvisst om det er fornuftig av organisasjonen å fly inn folk frå heile landet i ein slik smittesituasjon uansett tiltak. Til slutt er det sjølvsagt problematisk at ein ikkje har nokon garanti for at dette vil la seg gjennomføre i mars, og at ein kanskje kan måtte avlyse landsmøtet kort tid i førevegen. Dersom det derimot er slik at hotellet ikkje kan gjennomføre arrangementet innanfor gjeldande retningslinjer, så vil det vere mogleg å avlyse dette på kort tid utan vidare kostnad for oss. Dersom NJ vel å gjennomføre landsmøtet fysisk og i mars, er det fornuftig å teikne ekstra forsikringar for dei tillitsvalte, og unngå at dei må ta reiseutgiftene på sine egne, private forsikringar.

Potensielle fordelar:

- Godt å samle partiorganisasjonen til eit landsmøte
- Lett for delegatane å diskutere saker også utanom landsmøtesalen, og kan derfor vere lettare for delegatane å kome fram til kompromiss og politikk under landsmøtet

Potensielle problem:

- Vanskeleg å få delegatar til å møte opp, då dei kan vere redde for smitte.
- Må bruke ekstra pengar på smittevern.
- Reiseutgiftene blir dyrare.
- Kan ende opp med å utsetje landsmøtet uansett.
- Kan vere ei delvis digital deltaking frå einskilddelegatar i risikosona uansett.
- Potensiell dårleg PR-situasjon ved eventuelt smitteutbrot. NJ vil då kunne vere ansvarleg for å spreie smitte til heile landet.
- Avgrensingar for kor mange som kan delta på eit arrangement er skiftande, og kan påverke landsmøtet også under landsmøtet

Scenario 2: Utsetjing av NJs landsmøte til eit anna tidspunkt

Dei same elementa ein finn i scenario 1, kan ein overføre til scenario 2. Vi har ingen garantiar for at ei eventuell gjennomføring av eit fysisk landsmøte vil kunne skje på eit seinare tidspunkt ved utsetjing, men ein vil då ha meir informasjon om sjukdomen. I tillegg er det mogleg at eventuelle tekniske løysingar er komne lenger, og at det vil vere enklare å gjennomføre eit digitalt landsmøte på eit seinare tidspunkt. Eit anna aspekt ved dette er at vi kan risikere ei flytting av andre prosessar i organisasjonen, under dette forhandlingar. Eit utsett landsmøte vil på denne måten alltid vere i risikosona for vidare flytting, då vi kan risikere kollisjon med andre arrangement grunna ein usikker smittesituasjon. Dette vil setje heile organisasjonen under press, og ein veit heller ikkje om forhandlingane blir flytta til neste år. Ei utsetjing av landsmøtet vil med andre ord kunne gjere situasjonen veldig uføreseieleg. I tillegg kan det vere problematisk at ein ikkje får vedtatt ny politikk organisasjonen skal jobbe utifrå, og at ein politisk og organisatorisk kan hamne bakpå, og ikkje får jobba for det ein ønsker å jobbe for i perioden framover.

Potensielle fordelar:

- Godt å samle partiorganisasjonen til eit landsmøte
- Lett for delegatane å diskutere saker også utanom landsmøtesalen, og kan derfor vere lettare for delegatane å kome fram til kompromiss og politikk under landsmøtet

Potensielle problem:

- Kan ende opp med å måtte digitalisere landsmøtet uansett, då smittesituasjonen ikkje er garantert på andre tidspunkt
- Elles dei same potensielle problema som i scenario 1
- Ei kontinuerleg utsetjing vil vere dårleg for politisk og organisatorisk utvikling

Scenario 3: Deldigitalt landsmøte

Eit deldigitalt landsmøte kan ta mange former. Eit alternativ er å samle delegatane anten regionalt eller etter lag rundt omkring i landet, og operere med videosending frå desse lokala og kommunikasjon via videolenke med ordstyrarbordet og ymse komitéar. Her kan alle delegatane sitte med landsmøtesystemet på eigen PC, sjå dei som snakkar til landsmøtet på storskjerm framme i lokalet, og ein kan arrangere lokale talarstolar som vil straume ut til resten av lokala i heile landet, i tillegg til på digitale flater.

Dersom ein nyttar denne varianten, vil ein ha behov for eit produksjonsselskap, lokale rundt omkring i landet, og det er mogleg vi også burde sende sekretariatet ut for å ordne med det praktiske rundt dette. Landsmøtesystemet, MyMeet, vil lett kunne hjelpe til med å setje systemet for møtet, og det vil også vere mogleg for noko sosial aktivitet i løpet av dagen. Ein slik situasjon er likevel noko krevjande for delegatane, og det er i så fall fornuftig å kutte landsmøtet ned til eit kortare arrangement. I tillegg bør ein nok kutte landsmøtedebattane med fagleg innhald, då så mykje skjermtid vil vere slitande. Det er også meir sannsynleg å kunne gjennomføre dette arrangementet enn eit reint fysisk landsmøte, då det er mindre sjanse for at ein blir ramma av forsamlingsreglement om ein nyttar mindre grupper.

Potensielle fordelar:

- Organisasjonen blir i det minste samla lokalt
- Mindre krevjande for delegatane enn eit heildigitalt landsmøte
- Ein vil få ein struktur som minner om det tradisjonelle landsmøtet med færre risikoar for avlysing enn eit reint fysisk landsmøte

Potensielle problem:

- Vanskeleg for landsmøtet å kontrollere forholdet mellom dei som er på val og dei som skal styre ordet
- Vanskelegare for delegasjonane å samordne seg under landsmøtet – kan gå utover demokratiet
- Krev mykje av sekretariatet i ein periode der det er tett mellom dei sentrale forhandlingane
- Tekniske problem

Scenario 4: Heildigitalt landsmøte

Det er også mogleg å gjennomføre eit heildigitalt landsmøte, der alle partane sit heime framfor sin eigen datamaskin. Landsmøtesystemet MyMeet er ikkje direkte integrerbart med tenester som Zoom, Teams og liknande, og ein vil derfor truleg måtte nytte systemet med fleire skjermar eller delt skjermmodus. Dette vil heilt klart vere ein krevjande situasjon for delegatane, og det kan vise seg vanskeleg å skaffe delegatar til å stille på eit to- eller tredagars møte som er heildigitalt over skjerm.

Potensielle fordelar:

- Ein får gjennomført landsmøtet

Potensielle problem:

- Vanskeleg for landsmøtet å kontrollere forholdet mellom dei som er på val og dei som skal styre ordet
- Vanskelegare for delegasjonane å samordne seg under landsmøtet – kan gå utover demokratiet
- Tekniske problem
- Møteslitasje
- Skjermtrøyttheit

Scenario 5: Forenkla digitalt landsmøte

Det er mogleg å gjennomføre eit forenkla digitalt landsmøte, der ein kun gjer det vedtektene seier ein må gjere og har avrøysting digitalt. Denne avrøystinga kan då liggje på internettet over ein viss tidsperiode, og delegatane må gå inn og røyste på desse. Alle røystingane ligg tilgjengelege, og det har vist seg å vere eit trygt og billeg system. Dette er også den løysinga som vil krevje minst av sekretariatet, i ein periode med potensielt stort arbeidspress grunne to tettekomne forhandlingar.

Potensielle fordelar:

- Ein får gjennomført landsmøtet
- Det er rimeleg
- Inkje skjermtrøyttheit
- Organisasjonen står friare til å planlegge for mykje eller lite fysisk eller digital debatt og ordskifte i organisasjonen i forkant av sjølv røystinga
- Delegatane kan gå inn og røyste når dei har tid, og treng ikkje å ofre 1-3 heile dagar framfor ein skjerm, utan at dei får den sosiale fordel av eit tradisjonelt landsmøte

Potensielle problem:

- Ingen debattar, og kan derfor gå utover demokratiet
- Tekniske problem